

# REGIONKOMMUNE SUNNMØRE

## SLUTTRAPPORT FRA ARBEIDSGRUPPE 3, DEMOKRATI

### **Deltakarar i arbeidsgruppa:**

Eva Vinje Aurdal, Ålesund (leiar)

Olav Harald Ulstein, Sykkylven

Ragnar Bakken, Ørskog,

Jim Arve Røssvoll, Sula,

Ewa Hildre, Haram

Charles Tøsse, Stordal

Merete Løvoll Rønneberg, Norddal

Regine Bruteig, Skodje

Jan Ove Tryggestad, Stranda

Truls Håbakk, Hareid

Pål Grødal, Ulstein

## **Muligheter/styrke ved ny storkommune:**

### **1.«Framandgjeri»:**

Nytt og bedre demokratisk organisering. Bydelsutval. Fagutval.

Meir makt til lokalpolitikarane. Fleire oppgåver og meir ansvar gir lokalpolitisk engasjement.

Mindre habilitetsproblematikk.

Involvering av interesseorganisasjonar. Styrking av frivilligheita. Utvikle ungdomsdemokratiet.

Bedre samsvar mellom kommunegrensene og kvardagsregionen gir meir lokaldemokratisk medverknad.

Balanse mellom by og distrikt. Vil styrke regional identitet og lokal identitet.

Digitalisering – bedre kommunikasjon/samhandling mellom innbyggjarar, politikarar og administrasjon.

### **2. «Byråkratmakt»:**

Heilskapleg planlegging. Styrka fagmiljø i administrasjonen. Overføring av kompetanse mellom dei tidlegare kommunene. Standardisering og profesjonalisering av saksførebuing. Sterkare fagmiljø, også juridisk. Etablere lovmessig forpliktande samarbeid.

Mindre interkommunalt samarbeid.

### **3. Profesjonalisering av politikaren:**

Styrka politikarrolle i høve til oversyn og heilskap. Profesjonelle politikarar. Større fokus på heilskap og større politisk engasjement blant politikarar.

### **4. Politikens vilkår:**

Færre hinder for regional utvikling.

Meir robust – bedre tenester.

Større innflytelse, handlingskraft/påverknadskraft utanfor regionen.

Sterkare varemerke; branding.

Vil kunne tiltrekke nye næringar og styrke utvikling og innovasjon både i det private og offentlege.

Meir nyskaping og innovasjon.

Større politisk mangfald.

## **Truslar/svakheiter ved ny storkommune:**

### **1. «Framandgjeri»:**

Alle kommunane påpeikar på at det blir større avstand mellom innbygarane og dei folkevalgte. Det går på både fysisk og mental nærleik og tilgang til dei folkevalgte, og på representasjon.

Den fysiske geografiske avstanden er eit hinder, området er stort. Det blir for langt mellom sentrum og periferi, og avstanden til viktige funksjonar blir større. Ein fryktar at ein ny storkommune vil føre til utarming og forvitring av dei eksisterande bygdesentra. At dette vil medføre mindre levande lokalsamfunn, der den lokale identiteten og det lokale engasjementet blir svekka.

Det at den nye store kommunen vil få fleire innbygarar pr folkevalgt kan skape større avstand. Færre aktive folkevalgte vil bety svekka ombodsmannsrolle. Det blir vanskelegare å få fokus og tyngde på lokale saker, politikarane blir framande, mulegheita for å bli høyrd og den lokale påverknadskrafta blir svekka. Veggen fram til politisk påverknad – i alle fall fram til ordføraren- blir for lang. Framtidig sentralisering vil kunne føre til ein maktbalanse der mindre kommunar i dagens struktur blir underlegne i konstellasjon med Ålesund.

Lokaldemokratiet vil drukne i avstanden mellom folk og det nye kommunestyret. Viktig lokalkunnskap kan forsvinne med at eigne grasrot-politikarar blir borte. Folk vil kunne oppleve at det nesten ikkje er nokon i kommunestyret som kjenner til deira lokalmiljø, og kan oppleve «urettferdig representasjon» i det nye politiske styringssystemet. Terskelen for lokalt engasjement blir for høg. Dette vil kunne medføre redusert lokalpolitisk engasjement, og også føre til lavare valgoppslutning.

### **2. «Byråkratmakt»:**

Det fryktast at sentralisering av byråkratiet gjer det for stort og sterkt. Færre administrative arbeidsplassar lokalt blir eit tap. Bestillar- og utførar-modellen er byråkratisk. Styrka administrativ kompetanse kan utfordre maktbalansen mellom politikk og administrasjon. Det kan bli mindre styring frå folkevalde og større makt til administrasjonen ved at det kan bli behov for meir delegering av mynde.

### **3. Profesjonalisering av politikaren:**

Mange av kommunene peika også på endringane for sjølve politikar-rolla. Ein ny storkommune vil medføre større arbeidsbyrde for politikarane, og behovet vil føre til at vi får fleire heiltidspolitikarar. Utvikling mot ein kommune med «profesjonelle» «elite» -politikarar kan bety at terskelen for deltaking i politikken blir høgare, at vi får «politikar-vegving» og dermed mindre mangfald blant dei folkevalde. Det er og uttrykt bekymring for at vi med dette kan få færre kvinner med i politikken.

### **4. Politikkenes vilkår:**

Andre svakheiter med den nye kommunen, vil vere begrensingar for utøvelse av god politikk. I alle fall i ein overgangsperiode vil ein kunne oppleve «5.kolonistar» innanfor dei gamle kommunegrensene. Også det å vere for oppteken av å skape konsensus, kan bli ein hemsko i forhold til å lede og utøve politikk. Ein trugsel er at uavhengige politiske lister vil kunne overta for politiske partilister og at bygdelister/særinteresselister kan svekke den heilskaplege tenkinga i den nye kommunen.

## **AVBØTANDE TILTAK:**

### **1 «Framandgjeri»:**

Infrastruktur for å kompensere for dei geografiske utfordringane.

Bygge regional identitet.

Utvikle ei ny politisk organisering som vidareutviklar demokratiet, modell og nivå for avgjersleprosessar.

Bevare og styre lokaldemokratiet i nye former for medvirkning.

Opprette formelt forankra organlokalt med avgjerdsmynde og/eller innstillingsrett.

Lokalutval med avgjerselsmynde. Lokalt direkte val?

Opprette Lokaldemokratihuset/Sørvishuset

Ta i bruk digitale verkøy for samhandling mellom innbyggjarar, politikarar og administrasjon. Ny teknologi vil gi nytt handlingsrom som vi ikkje ser i dag.

### **2 «Byråkratmakt»:**

Bruke delegasjonsreglement for å skille klart mellom politikk og administrasjon.

### **3 Profesjonalisering av politikararen:**

Sikre grad av representasjon, både i høve til geografi. Kvotering?

Tilrettelegge rammevilkår for å sikre politisk deltaking av begge kjønn.

### **4 Politikens vilkår:**

Sjå framover i tid. Tydelegjere og tegne opp mål.

Kvar vil vi, - og korleis kjem vi oss dit saman. Skape konsensus om framtidsmål.

Sjå konsekvensane av valget vi gjer, enten vi skaper noko nytt saman – eller om vi fortsetter som i dag.